

---

**Fra:** Terje Isdal <terje@hillandvest.no>  
**Sendt:** torsdag 14. desember 2017 10:07  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** Gjert Holtan  
**Emne:** Brøyting og strøing på Hilland Vest

Hei,

Eg er styreleiar i Hilland Vest Velforening (Vardane 50 - 218) og koordinerer avtalen om brøyting og strøing av sideveggar i feltet vårt. Vi har i alle år dekkja denne kostnaden sjølv.

Hovudvegen gjennom feltet blir brøyta av samme kontraktør som vi nyttar, men hovudvegen er det kommunen som legg ut for kostnadane.

Dersom vi samanliknar oss med andre bustadfelt som Hilland aust, Alvermarka, Ikenberget, Juvikstølen, etc. så er vi av den oppfatning at det berre er vi på Hilland Vest som må dekke brøytekostnadane sjølv.

Vi bidrar sikkert like mykje til kommunekassa som dei gjer i dei andre bustadfelta, og opplever det derfor urettferdig at vi ikkje og skal kunne ha rett på kommunal brøyting og strøing.

Ønsker at de kan vurdere dette raskt då kontraktør har varsla ein prisauke på 250%.

Vi får ikkje utvikla feltet vårt vidare når omtrent alt av innsamla egenbetaling går til å å dekke brøytekostnadane. Det går ei grense for kor mykje kvar enkelt er villig til å betale også. Vi ser også at enkelte ikkje betaler i det heile, og det kan jo kanskje være av økonomiske årsaker eller at dei er generelt gnitne.

Uansett så er det ei svært utakknemlig rolle å ha å måtte gå på kvar enkelt dør og oppfordre folk om å betale, spesielt når det står 4-5 unger rundt ein far som lover han skal prøve å få betalt inn.

Skulle ønske vi kunne brukt tida vår til noko anna enn akkurat dette.

Med vennleg helsing

Terje Isdal  
Vardane 125  
90595350